

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 14/967-17

Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK fond 2014

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt enøk-fond i 2014

1. Vågsøy kommune får inntil kr. 535 000. 2013-tildelinga, kr. 196 000, vert ført tilbake til fondet.
2. Eid kommune får inntil kr. 305 000.
3. Fjordvarme AS får inntil kr. 100 000.
4. Jølster kommune får inntil kr. 154 250.
5. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får inntil kr. 155 000.
6. Natur og ungdom får inntil 35 000.
7. Kjølisdalen Montessoriskule får ikkje tilskot frå enøk-fondet.
8. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får inntil kr. 85 000
9. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, lokallaget Indre Sunnfjord, får inntil kr. 30 000.
10. Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon, får inntil kr. 20 000.
11. Årdal kommune får inntil kr. 75 000.
12. Eid vidaregåande skule får inntil kr. 353 000.

Frist for realisering er 15.12.2015 og for sluttrapport 31.12.2015.

Vedlegg:

1. Utlysingsbrev av 04.02. 2014 (a-sak 14/967 nr. 1).

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknad frå Vågsøy kommune, 18.02.2014. (a-sak 14/967 nr. 2 og 3)
2. Søknad frå Eid kommune, 27.03.2014. (a-sak 14/967 nr. 4)
3. Søknad frå Fjordvarme AS, 31.03.2014. (14/967 nr. 5)
4. Søknad frå Jølster kommune, 31.03. 2014. (14/967 nr. 6)
5. Søknad frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd, 25.03.2014. (14/967 nr.7 og 8)
6. Søknad frå Natur og ungdom, 01.04.2014. (14/967 nr. 09)
7. Søknad frå Kjølisdalen Montessoriskule, 31.03.2014. (14/967 nr. 10)
8. Søknad frå Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, 01.04. 2014. (14/967 nr. 11)
9. Søknad frå Naturvernforbundet, lokallag Indre Sunnfjord, 01.04.2014. (14/967 nr. 12)
10. Søknad frå Miljøagentene, Barnas Miljøorganisasjon, 01.04. 2014. (14/967 nr. 13)
11. Søknad frå Årdal kommune, 01.04.2014. (14/967 nr. 14)
12. Eid vidaregåande skule, 11.04.2014. (14/967 nr. 15 og 16)

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta i 2003 eit enøk-fond med ein grunnkapital på 10 millionar kroner. Fylkesutvalet er fondsstyre og forvaltninga skal skje i tråd med gjeldande vedtekter. Maksimal årleg tildeling er 2 millionar kroner. Fondsmidlane vert lyst ut årleg.

Tilskotsordninga vart evaluert i 2012 og fylkesutvalet vedtok at fylkeskommunen sin vidare innsats innafor dette saksområdet skal intergrerast i arbeidet med å følgje opp Klima og miljøplanen frå 2009. I handlingsplanen for klima og miljøarbeidet i perioden 2014-16 er det sagt at tildeling frå ENØK-fondet skal halde fram, til fondet er tomt. Støtteordninga vart utlyst tidleg i februar 2014 med søknadsfrist 01.04.2014.

Tabellen under viser dei som har søkt, total kostnad i prosjekta, beløp det er søkt om og fylkesrådmannen si tilråding om tildeling.

	Søkjjar	Totalkostnad	Søker om	Tilråding maks
1	Vågsøy kommune	5 350 000	1 070 000	535 000
2	Eid kommune	3 100 000	355 000	305 000
3	Fjordvarme AS	200 000	100 000	100 000
4	Jølster kommune	1 445 000	154 250	154 250
5	Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd	1 550 000	*	155 000
6	Natur og ungdom	66 000	66 000	35 000
7	Kjølisdalen Montessoriskule	106 780	27 748	0
8	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	167 200	167 200	85 000
9	Naturvernforbundet, lokallag Indre Sunnfjord	60 000	60 000	30 000
10	Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon	20 000	20 000	20 000
11	Årdal kommune	150 000	*	75 000
12	Eid vidaregåande skule	1 810 000	700 000	353 000
	Sum	14 024 980		1 847 250

- Beløp er ikkje oppgitt.

For tildelt støtte til skifting av vindauge og dører er det ein føresetnad at det skal nyttast produkt med U-verdi betre enn 1,2.

Frist for realisering er 15.12.2015 og for sluttrapport 31.12.2015. Ubrukte tilskot vert strokne ved årsskiftet 2015/2016.

2. Bakgrunn

Sidan støtteordninga vart sett i verk i 2004, er det mange tildelingar som ikkje er utbetalt. Grunnen til dette er at aktuelle tiltak ikkje er gjennomført innan gitt frist. Restmidlar frå 2012-tildelinga og tidlegare er tilbakeført til fondet. Saldo for fondet ved årsskiftet 2013/2014 var ca. 5 mill. kroner.

Utlysing av midlar for 2014 er gjort ved brev til kommunane og fylkeskommunen si bygge- og eigedomsteneste, ved annonsering på heimesidene til fylkeskommunen og ved utsending av pressemelding til media i fylket.

Tiltak som kan støttast er enøk-analyser, enøk-investeringar i bygningar og driftsanlegg, opplæring av nøkkelpersonell, samt haldningsskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket. For søknader om støtte til investeringar i bygningar og driftsanlegg, vert det normalt stilt krav om gjennomført enøk-analyse av nyare dato (ikkje eldre enn 2-3 år). Med unntak for haldningsskapande arbeid/informasjon, er støtteordninga berre tilgjengeleg innafor kommunalt og fylkeskommunalt verkeområde. Kommunane får refundert meirverdiavgift. I dei tilfelle støtte vert rekna i prosent av tiltakskostnad, er berekningsgrunnlaget kostnader eksklusive meirverdiavgift.

Innkomne søknader i 2014 og dei to-tre siste åra, viser at tilskotsattsane som no er brukte i ein 10-årsperiode ikkje er så tenlege som tidlegare. M.a. endringar i teknologi og kostnader til ulike produkt og prinsipp er årsaker til dette. Fleire av søknadene om støtte til haldingsskapande arbeid har hovudfokus på klimaspørsmål. Enøk-arbeid vil vere ein del av dette og aktuelle prosjekt og tiltak vil dessutan vere relevante i høve til fylkeskommunen sitt arbeid på klima- og miljøområdet.

I vurderingane som er gjort i denne saka, er tilskotsattsane med som grunnlag, men fylkesrådmannen har i større grad enn tidlegare gjort sjablongmessige vurderingar. Dei fleste fysiske tiltaka vil få rundt 10% støtte og dei fleste søknadene om støtte til haldingskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket, vil få rundt 50% støtte basert på samla prosjektkostnad.

3. Vurdering og tilråding for kvar einskild søknad

3.1) Vågsøy kommune

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Varmepumpeinstallasjon i Kulatoppen omsorgssenter med energioptak i fjellbrønnar	2 700 000	I storleik 600 000	540 000	270 000
2	Varmepumpeinstallasjon i Samfunns-hallen/ Nordfjordhallen med energioptak i fjellbrønnar	2 650 000	I storleik 500 000	530 000	265 000
Sum		5 350 000		1 070 000	535 000

Vurdering/tilråding

SFE Rådgjeving utførte enøk-analyse for Kulatoppen bu- og omsorgssenter høsten 2012. Kommunen fekk i 2013 tildelt kr. 196 000 i støtte frå enøk-fondet til to nye luft/vatn-baserte varmpumper til senteret. Av søknaden i 2014 går det fram at prosjektet som fekk tildelt støtte i 2013, ikkje lenger er aktuelt. Kommunen går no inn for eit nytt og meir omfattande prosjekt basert på seks varmpumper med varmeopptak frå 12 fjellbrønnar. Det er søkt om støtte til eit tilsvarande prosjekt for Samfunns-hallen/Nordfjordhallen. Det er søkt om 20% støtte til begge prosjekta. Det vert tilrådd å støtte begge prosjekta med 10% av investeringane. 2013- tildelinga på kr. 196 000 må tilbakeførast til fondet. Tilråding: Vågsøy kommune får tildelt inntil kr. 535 000 i støtte frå enøk-fondet. Tildelinga for 2013, kr. 196 000, skal tilførast fondet.

3.2) Eid kommune

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Eid idrettshus, symjehallen. Nytt ventilasjonsaggregat. Nytt anlegg for avfukting. Omrøringsvifte.	2 000 000	200 000	200 000	200 000
2	Eid idrettshus, idrettshallen. Nytt ventilasjonsaggregat.	1 000 000	150 000	150 000	100 000
3	Kommunale bustader. Nye vindu og dører i bustad for utleige	100 000	4 000	5 000	5 000
Sum		3 100 000	354 000	355 000	305 000

Vurdering/tilråding

Kommunen har Enøk-plan (analyse) utarbeidd i samråd med SFE Rådgjeving frå 2012. Det er søkt om 10% støtte til nytt ventilasjonsanlegg i symjehallen m.m., 15% støtte til utskifting av ventilasjonsanlegg i idrettshallen og 5% støtte til utskifting av vindaug og dører i kommunal bustad. Søknaden vert tilrådd, men med 10% støtte til anlegget i idrettshuset.

Tilråding: Eid kommune får tildelt inntil kr. 305 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.3) Fjordvarme AS

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
	Haldingsskapande arbeid – informasjon retta mot innbyggjarar, elevar og kommunar for omlegging til energiløysingar basert på fornybar energi.	200 000		100 000	100 000
		200 000		100 000	100 000

Vurdering/tilråding

Selskapet fekk i 2006 kr. 55.000, i 2007 kr. 105.000 og for kvart av åra 2008 - 2013 kr. 100 000 i støtte til tilsvarande arbeid. Selskapet er ein pådrivar for omlegging til bruk av fornybar energi til oppvarming og kjøling innafør kommunal/fylkeskommunal sektor. Selskapet meiner at det er behov for denne typen innsats og treng ekstern finansiering for å drive arbeidet.

Tilråding: Fjordvarme får tildelt inntil kr. 100 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.4) Jølster kommune

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Opplæring av driftspersonell	50 000	50 000	10 000	10 000
2	Energioppfølgingssystem, 10 bygg	40 000		8 000	8 000
3, 4	Dør og vindu i kommunehuset	175 000	8 200	8 750	8 750
5	Nye vindauge i Vassenden skule	150 000	5 000	7 500	7 500
6	Nye vindauge og dører i Skei skule	450 000	15 000	22 500	22 500
7	Isolering av fryserom ved kjøkken, Skei omsorgssenter.	50 000	15 000	10 000	10 000
8	Innregulering av varmeanlegg m.m. kommunehuset	200.000	20 000	40 000	40 000
9	Innregulering av varmeanlegg m.m. Vassenden omsorgssenter	75 000	7 500	15 000	15 000
10	Luft-luft varmepumpe. Vassenden skule gymsal	40 000	12 000	8000	8000
11	Automatisk snøsmelteanlegg	30 000	8 000	6 000	6 000
12	Styring og automatisering kom. huset	110 000	20 000	11 000	11 000
13	Utviding av styringsanlegg Skei skule	75 000	10 000	7 500	7 500
Sum		1 445 000		154 250	154 250

Vurdering/tilråding

Søknaden er basert på gjeldande satsar så langt det er mogeleg og svarar i sum til 10.67% av totalkostnaden til alle dei aktuelle anlegga.

Tilråding: Jølster kommune får tildelt inntil kr. 154 250 frå enøk-fondet.

3.5) Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Varmestyringssystem, varmepumper og isolering i Stedje kyrkje	1 180 000	111 000		118 000
2	Varmestyringssystem, isolering m.m. i Norum kyrkje	370 000	25 000		37 000
Sum		1 550 000			155 000

Vurdering/tilråding

Fellesrådet har fått utarbeidd rapportar og tiltaksplanar for fire av kyrkjene i fellesrådet sitt område, med støtte frå enøk-fondet. Det er ikkje søkt om konkret beløp. Det vert rådd til 10% støtte.

Tilråding: Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får tildelt inntil kr. 155 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.6) Natur og ungdom

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Miljøturne i Sogn og Fjordane	66 000		66 000	35 000

Vurdering/tilråding

I søknaden er det m.a. sagt:

Natur og Ungdom er Norges største miljøvernorganisasjon for ungdom. I Sogn og Fjordane er det to lokallag, et fylkesstyre bestående av tre personer samt en ansatt sekretær som alle til varierende grad driver med holdningsskapende arbeid rundt klima og miljø.

Spesielt den ansatte sekretæren reiser mye rundt på skoler for å holde foredrag om klimaendringer, konsekvensene av klimaendringene, løsninger (som fornybar energi og energieffektivisering) og hvordan man som enkeltperson kan bidra og engasjere seg i temaet. Sekretæren står også på stand på skolene for å snakke direkte med elevene og endre holdningene deres.

Tiltaket har hovudfokus på klimaspørsmål og vil vere relevant i høve til fylkeskommunen sitt arbeid på dette området. Av beløpet det er søkt om, kr. 66 000, er 28 000 lønsutgifter.

Tilråding: Natur og ungdom får tildelt inntil kr. 35 000 i støtte.

3.7) Kjølsdalen Montessoriskule

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Styrings- og automatiseringsanlegg	40 780		4 078	
2	Energioppfølgingssystem	40 503		8 100	
3	Opplæring av nøkkelpersonell	25 497		12 748	
Sum		106 780		24 926	

Vurdering/tilråding

Kjølsdalen Montessoriskule SA kjøpte i juni 2013 det gamle kommunale skulebygget frå Eid kommune. Skulen er privat og bygget er dermed i privat eige. Verksemda leiger ut areal til ein privat driven barnehage og har plikta seg til å gjere bygget tilgjengeleg for lag og organisasjonar på kveldstid. Det er søkt om støtte frå Enova, kr. 19 158. Regelverket for fylkeskommunen sitt fond opnar ikkje for støtte til private. Grendehus/bygdehus er vurdert tilsvarande, og slike har ikkje fått støtte.

Tilråding: Ingen støtte til enøk-tiltak i regi av Kjølsdalen Montessoriskule.

3.8) Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Starte opp kampanje for å fase ut oljefyring og oljetankar i Sogn og Fjordane	167 000		167 000	85 000

Vurdering/tilråding

Naturvernforbundet fekk i 2013 kr. 55 000 i støtte til annonsering og informasjon i tilknytning til markering av Earth Hour: m.a. annonsering i avisene i fylket, informasjon til barnehagar og skular, informasjon til kommunane, stand i Førde m.m. No søker dei om midlar til å starte opp ein kampanje for å fase ut oljefyring og oljetankar i fylket. Tiltaket er ein del av det nasjonale prosjektet «Oljefri». Hovuddelen av søknadsbeløpet er lønskostnader, kr. 150 000. Resten utgjør reisekostnader Kr. 2000 og administrasjon kr. 15 200. Sitat frå oppsummering i søknaden:

Naturvernforbundet arbeider for å fase ut fossil oppvarming i norske boliger og bygg, og driver som en del av dette arbeidet prosjektet Oljefri, der vi i samarbeid med kommuner, fylkeskommuner og andre aktører, hjelper bolig- og byggeiere med å fase ut oljefyring.

Vi søker herved om 167 200 kroner til å gjennomføre en foranalyse for å kartlegge omfanget av oljefyring i Sogn og Fjordane samt gjennomføre lokalt forarbeid for lansering av kampanjen i fylket.

Kartleggingen skal bygge på eksisterende data. Notatet vil også gi en kort analyse av markedet for varmeløsninger i fylket og potensielle samarbeidspartnere. Kampanjeforarbeidet og kartleggingen av oljefyring i fylket vil danne utgangspunktet for etableringen av Oljefri i Sogn og Fjordane

Tiltaket har hovudfokus på klimaspørsmål og vil vere relevant i høve til fylkeskommunen sitt arbeid på dette området.

Tilråding: Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får tildelt inntil kr. 85 000 i støtte.

3.9) Naturvernforbundet, lokallag Indre Sunnfjord

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Arbeid med å gjere Earth Hour kjent for barnehagar, skular, kommunar og enkeltpersonar. Annonsering av kampanje og konsert i Førde kyrkje.	60 000		60 000	30 000

Vurdering/tilråding

Lokallaget Indre Sunnfjord har tidlegare hatt arrangement i tilknytning til Verdens Miljøverndag med fokus på rettferdig handel, energisparing/ ENØK-quiz, demonstrasjon av el. bil, sykkelaktivitetar m.m. Ved markeringa i 2013 var «Klimavalet 2013» ein del av programmet.

Tilråding: Naturvernforbundet i Sunnfjord får inntil kr. 30 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.10) Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Kampanje i grunnskulane i Førde kommune i høve Earth Hour.	20 000		20 000	20 000

Vurdering/tilråding

I 2013 fekk Miljøagentane støtte til å sende ut reservasjonsmerke mot gratisaviser og reklame.

No vil dei m.a. sende undervisningsmaterieil til skulane og vil ta kontakt med tilbod om klassesett (lommelykter m.m.).

Tilråding: Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon får inntil kr. 20 000 i støtte.

3.11) Årdal kommune

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Utgreie bruk av fjernvarme til oppvarming ved Farnes ungdomsskule	50 000			25 000
2	Utgreie alternative varmekjelder for bygg der ein i dag nyttar fyringsolje	100 000			50 000
Sum		150 000			75 000

Vurdering/tilråding

Det første prosjektet går ut på å kartlegge potensiale og aktuelle tiltak ved bruk av fjernvarme frå metallverket i Øvre Årdal til oppvarming i Farnes skule. Det andre prosjektet går ut på å kartlegge tiltak i kommunale bygg ved utfasing av oljekjellar. Det er ikkje søkt om konkret beløp. Begge prosjekta er i kategorien enøk-analyser der det vert gitt 50% støtte.

Tilråding: Årdal kommune får tildelt inntil kr. 75 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.12) Eid vidaregåande skule

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Varmesentral som også skal brukast i undervisningssamanheng.	980 000		200 000	98 000
3	Digitale løysingar	400 000		200 000	40 000
3	Undervisningsopplegg m.m.	430 000		300 000	215 000
Sum		1 810 000		700 000	353 000

Vurdering/tilråding

Varmesentralen skal plasserast i eit nyleg oppført garasjebygg ved skulen. Bygget skal seinare utvidast med ein etasje som skal romme eit energikompetansesenter. Tiltaket omfattar m.a. to varmepumpemodular som skal nytte fjellbrønnar som kjelde til energiopptak, og er ei investering på kr. 980 000. Det er søkt om ca. 20% støtte til varmesentralen. Til undervisningsopplegget er det utarbeidd eit budsjett der kr. 400 000 går til digitale løysingar og kr. 430 000 til kursutvikling m.m. Det vert tilrådd 10% støtte til dei tekniske anlegga inkl. digitale løysingar og 50% støtte til arbeidet med undervisningsopplegget. Tilråding: Eid vidaregåande skule får tildelt inntil kr. 353 000 i støtte frå enøk-fondet.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rår til at det vert tildelt inntil kr. 1 847 250 i støtte frå fylkeskommunen sitt enøk-fond i 2014 i tråd med fordelinga som foreslått. Frist for realisering av tiltaka er 15.12.15 og frist for sluttrapport er 31.12. 2015.